

Handlingsplan for internasjonalisering 2018-2020

«HVO har ei særleg satsing på internasjonalisering.»

«HVO skal vere blant dei beste på studentutveksling.»

«HVO skal stimulere til nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid.»

«HVO skal nytte Erasmus+ programmet til å auke studentutvekslinga»

Strategiplan for HVO 2017-2020

Mål 1: HVO skal ta aktivt del i Erasmus+ og andre program/stipendordningar for internasjonalisering av utdanning og forskning.

Prioriterte tiltak:

- HVO skal auke bruken av *Erasmus+ stipend* gjennom å sende fleire studentar på utveksling til Europa samt å få midlar gjennom *Erasmus+ Global Mobilitet* for student- og tilsettutveksling til spesielle satsingsland utanfor Europa (India, Russland, mfl.)
- HVO skal auke talet på studentar som vel praksis i utlandet ved å få inn midlar frå *Erasmus+* og andre støtteprogram, marknadsføre denne ordninga betre, samt hjelpe fagmiljøa med å knyte nærare band til relevante praksisplassar i utlandet
- HVO skal spesielt auke graden av internasjonalisering i lærarutdanningane gjennom å styrke koplingane til skandinaviske lærarutdanningsinstitusjonar og finne midlar til internasjonal aktivitet i det nye SiU-programmet *Noted*
- Internasjonalt kontor skal utvide sin kompetanse om ulike støtteordningar og gå i aktiv dialog med fagmiljøa for å få til fleire søknader knytt til internasjonale samarbeid og satsingar

Mål 2: Alle studieprogram ved HVO skal ha naturleg integrerte og relevante internasjonaliseringskomponentar også for studentar som ikkje vil reise på utveksling.

Prioriterte tiltak:

- Relevans og kvalitet på internasjonaliseringsaktivitetane i kvart studieprogram må sikrast gjennom årlege møter mellom Internasjonalt kontor og studieprogramma
- Internasjonaliseringskomponentar bør vektleggast i strategisk gjennomgang av studieprogram og Internasjonalt kontor bør konsulterast ved godkjenning/ending av studieprogram
- Internasjonalt kontor vil gi tilbakemelding og forslag til tekster om internasjonalisering i studieprogramomtalane slik at ein sikrar at informasjon om internasjonalisering er inspirerende og rekrutterande
- Talet på innreisande gjesteførelesarar til HVO med Erasmus+ stipend skal aukast til om lag 20 per år i 2019/2020 gjennom å marknadsføre denne ordninga betre på HVO og gi informasjonen til riktig tid (i forkant av undervisningsplanlegginga)

Mål 3: HVO skal vere blant dei beste på studentutveksling

Prioriterte tiltak:

- HVO skal auke *utvekslingsandelen* (kandidatar som har vore på utveksling i løpet av graden) frå dagens 20% til 30% innan 2020 gjennom betre informasjon om utveksling, meir relevante utvekslingsavtalar og endring av struktur i studieprogram som gjer utveksling meir attraktivt
- HVO skal auke utveksling frå lærarutdanningane spesielt ved å utvikle spesialtilpassa informasjon med opplysingar om praksis- og studietilbod ved partneruniversitet i utlandet
- Utbytte av utvekslingsopphaldet skal vidareformidlast til medstudentar og fagpersonar ved at ein opprettar møteplassar der studentar som returnerer frå utveksling presenterer sine erfaringar
- HVO skal auke talet på innreisande utvekslingsstudentar til ASH, AHL og AKF ved å opprette engelskspråklege emne som er attraktive for både lokale og internasjonale studentar, samt å rekruttere fleire utvekslingsstudentar frå Norden som kan følgje undervisning på norsk

Mål 4: HVO skal ha eit campus med internasjonalt preg og vere ein spanande og mangfaldig møteplass for studentar og tilsette

Prioriterte tiltak:

- HVO skal sikre god søkning til dei internasjonale opptaka, inkludert den nyoppretta engelske mastergraden Master in Media Practices
- Mangfald av internasjonale studentar på campus må bevarast ved å rekruttere fleire studentar frå utanfor Europa. Frå eit internasjonaliseringsspektiv vil det også vere ynskjeleg å oppretthalde NIS-studiet (Norsk for internasjonale studentar).
- Alle studieprogram bør tilby emne på engelsk som er relevant for både lokale og internasjonale studentar
- Internasjonale studentar, tilsette og gjestar skal føle seg velkomen på HVO og verte møtt av tilpassa informasjon på engelsk både på nettsider, i e-postar og gjennom skilting på campus
- Lokale og internasjonale studentar skal integrerast best mogleg gjennom å skape fleire naturlege møteplassar som t.d. Fadderveka, Pangaia og, mest av alt, gjennom medviten blanding av lokale og internasjonale studentar i undervisningsaktivitetar
- Internasjonalt kontor skal utvikle eit «Certificate of Internationalisation» som tildelast lokale studentar for å inspirere til deltaking i fleire internasjonaliseringssaktivitetar (utveksling, praksis i utlandet, Internasjonal dag, studietur/konferansar i utlandet, aktivitetar gjennom Pangaia, Fadderveka, m.m.)

Mål 5: HVO skal styrke internasjonalisering av FoU-arbeidet

Prioriterte tiltak:

- Internasjonal FoU-aktivitet skal aukast gjennom betre marknadsføring av Erasmus+ tilsettstipend som eit lavterskeltilbod til fagtilsette som ynskjer å kome i kontakt med fagmiljø i utlandet
- HVO skal gjere det lettare for fagtilsette å finne relevant informasjon og førebu internasjonalt FoU-arbeid ved å opprette ei ressursgruppe av fagpersonar med erfaring frå internasjonal FoU-verksemnd og utvikle ei kokebok om temaet
- Incentiva for internasjonalt FoU-arbeid bør styrkast ved at avdelingane registrerer fagtilsette si internasjonale verksemnd i arbeidsplanane og vektlegg internasjonalisering i meriteringsvurderingar
- Alle fagmiljø skal ha avtalar med utanlandske institusjonar som opnar for tilsettmobilitet og internasjonalt FOU-samarbeid, og vektlegge slike internasjonale partnerskap i ekstern informasjon og i stillingsutlysingar

Mål 6: HVO skal betre synleggjering av internasjonal aktivitet

Prioriterte tiltak:

- HVO skal betre profilering internasjonalt gjennom nye engelske nettsider med relevant informasjon til ulike søkjargrupper, avtalepartnarar i utlandet og tilfeldig interesserte
- For betre og meir profesjonell promotering av HVO i utlandet skal Kontor for samfunnskontakt utvikle malar for Word-dokument på engelsk, ein PowerPoint-presentasjon av HVO, samt ei brosjyre på engelsk med nøkkelinformasjon om HVO